



# Fedje kommune

## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 03.03.2020  
**Møtestad:** Slissøyana/Skarvøyana Fedje fleirbrukshall  
**Møtetid:** 17:15 - 19:30

Møtedeltakarar	Parti
Stian Herøy	H
Bjørn Solbakk	Frp
Hans Erik Waage	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Bjarte Villanger, Dagrun Gunnarson, Gjermund Hagesæter, Kim Andre Vangberg, Øyvind Tolleshaug

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
015/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
016/20	Godkjenning av møtebok
017/20	Referatsaker
018/20	Delegerte saker
019/20	Delegerte saker teknikk og miljø
020/20	Søknad om overdraging av skjenkeløyyvet
021/20	Festeavgift for gravminner ved Fedje Kyrkje
022/20	Dagsturhytte
023/20	Kommunedelplan for helse og omsorg. Planprogram
024/20	Avtale om administrativ vertskommunesamarbeid om krisesenter for Bergen og omegn
025/20	Psykososialt kriseteam
026/20	Handsaming av kulturminneplanen for Fedje kommune
027/20	Eventuelt formannskap 03.03.20

**015/20: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

**Formannskapet 03.03.2020**

**Behandling:**

**F - sak 015/20 Vedtak:**

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

---

**016/20: Godkjenning av møtebok**

**Formannskapet 03.03.2020**

**Behandling:**

**F - sak 016/20 Vedtak:**

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

---

**017/20: Referatsaker**

**Formannskapet 03.03.2020**

**Behandling:**

**F - sak 017/20 Vedtak:**

Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

---

**018/20: Delegerte saker**

**Formannskapet 03.03.2020**

**Behandling:**

**F - sak 018/20 Vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

---

**019/20: Delegerte saker teknikk og miljø**

**Formannskapet 03.03.2020**

**Behandling:**

**F - sak 019/20 Vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

---

**020/20: Søknad om overdraging av skjenkeløyvet**

**Formannskapet 03.03.2020**

**Behandling:**

**F - sak 020/20 Vedtak:**

Fedje kommune kan ikkje gje Fedje Servering AS skjenkeløyve, grunna manglande serveringsløyve.

Fedje kommunestyre gjev formannskapet fullmakt til å tildele Fedje servering AS skjenkeløyve i perioden fram til 30.09.20, under føresetnad av at vilkåra er oppfylt.

Samrøystes vedteke.

---

**021/20: Festeavgift for gravminner ved Fedje Kyrkje**

**Formannskapet 03.03.2020**

**Behandling:**

**F - sak 021/20 Vedtak:**

Fedje kommune sluttar seg til ynskjet frå Fedje sokneråd om at festeavgifter for alle gravminner rundt Fedje kyrkje opphøyrer inntil ein har fått laga ein verneplan for kva gravminner som skal bevarast for ettertida.

Samrøystes vedteke.

---

**022/20: Dagsturhytte**

**Formannskapet 03.03.2020**

Endringsframlegg frå FrP, foreslått av Bjørn Solbakk, Framstegspartiet  
3.setning vert endra til: Kr 100000 for trafikksikring vert verande som i dag.  
Medan 100000 kr vert teke frå fond, og 160000 kr vert teke frå tømmeanlegg for bubil/ camping

Endringsforslag frå Arbeiderpartiet, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet  
2.setning vert endra til: Finansiering om prosjektet vert gjennomført i 2020: Tømmeanlegg for bubilar  
vert redusert med 260 000 kr.

**Behandling:**

Ingen ønskte å gå for rådmannen sitt framlegg til finansiering.

Dei to framlegga vart difor sett opp mot kvarandre ved avrøysting. Framlegg frå Bjørn Solbakk (Frp) vart vedteke med 3 mot 2 røyster. Arbeiderpartiet sine representantar røysta for sitt alternative framlegg.

**F - sak 022/20 Vedtak:**

Fedje kommune vil vera med på dagsturhytteprosjektet til Vestland fylkeskommune med ei hytte i Aurihopen.

Finansiering om prosjektet vert gjennomført i 2020: Kr 100000 for trafikksikring vert verande som i dag. Medan 100000 kr vert teke frå fond, og 160000 kr vert teke frå tømmeanlegg for bubil/camping.

Vedteke med 3 mot 2 røyster. Arbeiderpartiet sine representantar røysta for sitt alternative framlegg.

---

**023/20: Kommunedelplan for helse og omsorg. Planprogram****Formannskapet 03.03.2020****Behandling:****F - sak 023/20 Vedtak:**

Med hjemmel i Plan- og bygningsloven §4-1 Planprogram, vedtar Fedje kommune planprogrammet til Kommunedelplan for Helse- og omsorg 2020-2025.

Samrøystes vedteke.

---

**024/20: Avtale om administrativ vertskommunesamarbeid om krisesenter for Bergen og omegn****Formannskapet 03.03.2020****Behandling:**

**F - sak 024/20 Vedtak:**

Fedje kommune sitt samarbeid etter vertskommunemodellen og avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om krisesenter for Bergen og omegn vert vidareført slik avtalen føreligg.

Samrøystes vedteke.

---

**025/20: Psykososialt kriseteam**

**Formannskapet 03.03.2020**

**Behandling:**

**F - sak 025/20 Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner retningslinjer for psykososialt kriseteam i Fedje kommune.

Samrøystes vedteke.

---

**026/20: Handsaming av kulturminneplanen for Fedje kommune**

**Formannskapet 03.03.2020**

**Behandling:**

**F - sak 026/20 Vedtak:**

«Kulturminneplan for Fedje kommune» vert vedteken med unntak av handlingsdelen, som er frå og med side 68 til og med side 71 i vedlegget. Administrasjonen vil ta opp att arbeidet med handlingsplanen så raskt som mogleg.

Samrøystes vedteke.

---

## **027/20: Eventuelt formannskap 03.03.20**

### **Formannskapet 03.03.2020**

#### **Behandling:**

Hans Erik Waage (Ap) stilte spørsmål om sikring av fabrikkområde på Svena og kva kommunen gjer for å følgje det opp. Rådmannen v/teknisk sjef fortalte kva som har vore gjort tidlegare. Rådmannen sa at saka vil verte følgd opp no.

Bjørn Solbakk (Frp) informerte om at Høgre/Frp kjem med framlegg om arbeidsgrupper til kommunestyremøtet 12.03.20.

Rådmannen orienterte om 3 saker:

- Rekneskapen 2019: Forventning om underskot og moglege grunnar til det, samt nedgang i fondsmidlar i perioden 2017-2019
- Teknisk sjef ned til 80% stilling frå 1.mars 2020. Ny stadfortreder for rådmannen er personalsjef.
- Førespurnad om landvindmølle på Fedje frå privat investor. Mindre prosjekt, potensielt 100 000 kr i eigedomsskatt. Formannskapet ønskjer ikkje å gå vidare med dette no.

Ordførar informerte om møte med fylkesmannen 27.02.20. Tema: Plassering oppdrettsanlegg, havvindmøller, drenering industriområde Stormark og plassering av garasje i friluftsområde.

Formannskapet vart samde om å flytte neste kommunestyremøte til kl 18.30 for å passe til ferjetidene. Bad om sak til kommunestyret.

#### **F - sak 027/20 Vedtak:**

Ingen vedtak under eventuelt.

---